

Vedlegg 5. Tabellforklaring: Grunnlagsdata for utrekning av fylkesvegkriteriet

Excel-arket (vedlegg 6) inneheld ein tabell med grunnlagsdata til utrekning av kriteriet *vedlikehaldsbehov fylkesveg* i inntektssystemet for fylkeskommunane. Tabellen inneheld både data som vil bli brukt i den nye modellen for å rekne ut fylkesvegkriteriet, og data som berre blir nytta i dagens modell og som ikkje vil bli brukt i kriteriedata for 2024. Departementet sender likevel data for dagens modell til kvalitetssikring, sidan opplysningane vil bli brukt til utrekning av fordelingsverknader og overgangsordninga.

Modellen som vil bli brukt frå og med 2024 er forklart nærare i rapporten *Vedlikeholdskriteriet i delkostnadsnøkkelen for fylkesveg* (Krehic og Nyhus 2022), som kan lastast ned frå denne nettsida: www.regjeringen.no/id2949381/ (under «Høyringsnotat»).

Dagens modell er forklart nærare i rapporten *Forslag til ny modell for beregning av kriteriet for fylkesveg i inntektssystemet for fylkeskommunene* (Holen, Saltnes og Leland 2021), som kan lastast ned frå denne nettsida: www.regjeringen.no/id2864850/

Datakjelder

- Data er i hovudsak henta frå Statens vegvesens Nasjonal vegdatabank (NVDB), og blei lasta ned i juni 2023.
- Tal for innbyggjarar i tettstader er henta frå Statistikkdatabanken (Statistisk sentralbyrå).
- To faste faktorar – vintertemperatur og vinterfaktor – er levert av Senter for økonomisk forskning i samband med utarbeidinga av rapporten til Krehic og Nyhus (2022).

Forklaring til tabellen

Kol. 1 Feltlengde: Feltlengde fylkesveg i kilometer

Kol. 2 Trafikkarbeid: Trafikkmengde i millionar køyretøykilometer per døgn

Kol. 3 Veglengde med ÅDT > 4000: Fylkesveg med årstdøgntrafikk over 4000, målt i kilometer

Kol. 4 Veglengde med ÅDT > 1500: Fylkesveg med årstdøgntrafikk over 1500, målt i kilometer

Kol. 5 Rekkverk: Lengdemeter rekkverk

Kol. 6 Lyspunkt i dagen: Tal på lyspunkt

Kol. 7 Lengde ikkje-undersjøiske tunnelløp: Lengde i meter

Kol. 8 Lengde undersjøiske tunnelløp: Lengde i meter

Kol. 9 Lengde bruer av stål: Lengde i meter

Kol. 10 Lengde bruer av andre materialtypar: Lengde i meter enn stål

Kol. 11 Ferjekaibruer og tilleggskaiar: Tal på ferjekaier

Kol. 12 Gang- og sykkelveg: Lengde i kilometer

Kol. 13 Veg med fartsgrense 50 km/t eller lågare: Lengde i kilometer

Kol. 14 Innbyggjarar i tettstader: Tal på innbyggjarar i tettstader, 2022

Kol. 15 Vintertemperatur: Snitt temperatur i desember og januar, målt ved fylkesvegnære vêrstasjonar

Kol. 16 Vinterfaktor: Faktor for vintervedlikehald, jf. tabell 4.9 i Krehic og Nyhus (2022)